



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/778-3

Sakshandsamar: Åge Verpe

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	11.12.2025	65/25

Lårdal aldersbustader - vidare arbeid - Saurlandsvegen 12A og 12B

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Særutskrift Lårdal Alderspensjonat

Bakgrunn for saka

Tokke kommunestyre vedtok i sak 45/2025 den 17.06.2025 å pusse opp lærarbustaden i Lårdal på adresse Saurlandsvegen 10. Arbeidet med oppussing går framover og løyvinga på kr 2,3 mill inkl mva ser ut til å halde i høve planane for istandsetting. I vedtaket av 17.06.25 pkt 6 opnar kommunestyre for vidare oppussing av Saurlandsvegen 12A og B.

Kommunestyre var på synfaring 26.11.25 og fekk informasjon av teknisk administrasjon om framdrift og prognoser for kostnader. Det var samstundes synfaring på øvrige bygg Saurlandsvegen 12A, 12B, 10A, 10B, 10C, 10D samt fellesbygget Saurlandsvegen 12.

Saksutgreiing

Teknisk administrasjon ser at budsjettet for oppussing av Saurlandsvegen 10 er noko høgt og tenker at istandsetting av dei to bueiningane på adresse Saurlandsvegen 12A og 12B er mogleg å gjennomføre innom ramma på 2,3 mill inkl mva.

Konklusjon

Teknisk administrasjon følger med dette opp punkt 6 i vedtaket frå kommunestyre om å legge ein plan for oppussing av Saurlandsvegen 12A og 12 B. Det er mindre tiltak som er tenkt i høve desse to leilighetane og kostnadane dekkast innom allereie løyvd ramme.

Integreringstenesta har tidlegare i sak 45/2025 gjort greie for noko av utfordringane med busetting utanfor sentrumsområde Dalen og Høydalsmo så sakshandsamar går ikkje nærare inn på desse problemstillingane no.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune brukar unytta midlar etter oppussing av Saurlandsvegen 10 – Lærarbustaden til å sette i stand Saurlandsvegen 12A og 12B.